Musea i Sogn og Fjordane

Til: **Sogn og Fjordane Fylkeskommune v/Jan Heggheim og Ingebjørg Erikstad, Førde/Sunnfjord kommune ved Lise Mari Haugen og Ole John Østenstad**
Frå: **Musea i Sogn og Fjordane v/Kjartan Aa Berge**
Kopi: **Styreleiar Laura Kvamme, avdelingsleiar Marie Nicolaisen og museumsfagleg seniorrådgjevar Thomas Walle**
Dato: **19.mars 2019**

Investeringsbehov, nytt administrasjons -og formidlingsbygg Sunnfjord Museum

Det blir med dette sendt over grovskissert kostnadskalkyle og førebels skisse på arealbehov for nytt administrasjon- og formidlingsbygg ved Sunnfjord Museum.

I kostnadskalkylen som ligg ved er det lagt til grunn ein kombinasjon av eit større nybygg og heilrenovasjon av noverande bygg. Regulering og lovgjeving kring plassering av nye bygg tilknytt E-39 gjer dette til ei hensiktsmessig løysing når det kjem til utnytting av areal.

Kostnadskalkylen legg til grunn nybygg på 950m2, og heilrenovering av eksisterande bygg tilsvarande 380m2. Kostnad for nytt bygg er på 33 076 400 kr og renovering av eksisterande bygg på 3 691 200 kr. Det er også lagt inn kostnadar knytt til infrastruktur, samt 20% sikkerheitsmargin for eksisterande bygg, og 40% sikkerheitsmargin for nybygg.

Det er ikkje lagt inn kostnader med tomt anna enn terrengbehandling. Dette må gjerast i dialog med Sogn og Fjordane fylkeskommune som eigar av området.

Vi gjer merksam på at dette er ei grovskisse basert på arealbehov og det er ikkje gjort ei meir detaljert vurdering på faglige krav og utgifter som inngår i eit museumsbygg. Det er heller ikkje gjort ei vurdering på konkret bruk av eksisterande bygg i samanheng med nytt bygg.

Med utgangspunkt i dette er eit førebels investeringsbehov på kroner 36 767 600 kr eks. mva**,** opprunda til **37.000.000 kr eks mva**. Som tidligare kommentert er dette ei grov kalkyle utan detaljerte, faglige vurderingar. Det blir vidare lagt til grunn ein eigenkapital på 2 000 000 kr. På grunnlag av dette er det per dags dato eit eksternt investeringsbehov på **35 000 000 kr.**

Arealbehov og romplan

Forslag på tal for dei på dei ulike funksjonane ligg ved. Arealbehovet som ligg til grunn for romplanen og kostnadskalkyle tek utgangspunkt i tidligare utarbeidde behov, og det er ikkje gjort ei heilskapleg ny vurdering. Kostnadskalkylen tek difor utgangspunkt i om lag ekstra 100 m2. Dette er nødvendig for å kunne jobbe vidare med prosjektet og kunne konkludere med gode og fleksible løysingar som møter dagens og framtida behov for eit museumsbygg.

Areal på administrasjonsdelen av bygget tek utgangspunkt i lokale til dagens tilsette ved Sunnfjord Museum og oppfyller dagens krav til arbeidsmiljø, universell utforming og administrative behov. Også publikumsarealet tek i utgangspunkt i tidligare kartlagt arealbehov. Det er her lagt opp til

utstillingsareal som kan huse både ei fast og ei eller fleire skiftande utstillingar, formidlings/møteareal og resepsjons/publikumsareal med butikk og kafé med tilhøyrande fasilitetar. Også desse oppfyller dei gjeldane krav til universell utforming og arbeidsmiljø.

Ferdigstilling av fellesmagasin for Musea i Sogn og Fjordane vil langt på veg dekke magasinbehova til Sunnfjord Museum. Det er likevel lagt inn i arealbehovet eit lokalt bruksmagasin og arkiv med arbeidsplass. Tilgang til eit bruksmagasin er vesentlig for ei vidare god drift av museet, og for å kunne jobbe effektivt og godt med formidling og forvaltning både av gjenstandssamlinga og friluftsmuseet. Det er ikkje gjort ei vurdering på storleik eller tekniske krav til eit bruksmagasin.

Parkeringsareal

I kostnadsvurderinga som ligg ved er det ikkje lagt inn vurdering av nytt parkeringsareal. Det har vore vanskelig å konkretisere på dette innanfor dei gitte rammene for levering av denne kostnadsvurderinga , og det vil også involvere fleire eksterne aktørar. Ei vurdering av utvikling av parkeringsareal vil bli gjort i det vidare arbeidet i prosjektet.

Plan for vidare arbeidsprosess

Det er sett i gang arbeid med eit kartleggingsprosjekt av administrative og museumsfaglige behov. Som del av dette prosjektet vil ei arbeidsgruppe sjå på dagens og framtidige behov og innhaldet i tidligare prosjekt. På grunnlag av denne kartlegginga vil det gjennomførast eit skisseprosjekt. Det er eit mål at eit skisseprosjekt skal ferdigstillast tidlig 2020. Finansiering av desse prosjekta ligg også inne i kostnadskalkylen.

Vedlegg 1: 2019 19 03 Romprogram SUM
Vedlegg 2: 2019 19 03 Kalkyle SUM ADM bygg